

Sogn og Fjordane Sau og Geit



Styremøte SFSG 19 – 20.8.22 i Vik

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Rislov, Erlend Fossen, Anne Inger Moen, Egil Ove Helleland og Solgun Haugen

Styremøte fredag kl 16 – 18

Styremøte laurdag kl 9 - 13

Sak 32/22. Tilbakemelding frå styremedlemmane på kva dei har delteke på sidan førre styremøte

Ragnhild – ingenting

Erlend - Teamsmøte for sentralt tillitsvalte i NSG 18.8.22, møte gjetarhundnemnda

Jo – ingenting

Anne – ingenting

Solgun – ingenting

Egil Ove – ingenting

Sak 33/22. Oppdatert rekneskap

Styret tek oppdateringa til etterretning.

Sak 34/22. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutval sau, Gjetarhundnemnda, Utval for mjølkegeit og Utval for ammegeit

Avlsutval sau – Plan for kåringar er oppsett og sendt ut til tidlegare arrangørar av kåringar.

Kåringavgift vert kr 250,- i 2022. Det har vore noko misnøye med at nokon vil ha kåringar på laurdag, og det er laga til ei rullering på dette. Det skal vera kurs for kåringsdommarar saman med Hordaland 29.august. Ein har fått tak i 3 nye dommarar. Einar Helge vert med på dei fleste kåringane. Luster skal levera 3 unge verer til semin.

Gjetarhundnemnda – det har vore møte i gjetarhundnemnda der ulike høyringar var tema bla instruktørutdanning. Det skal vera gjetarhundprøve siste helga i august. Fylkesmeisterskapet skal vera i Lærdal med Indre Sogn Gjetarhundlag som arrangør.

Utval for mjølkegeit – veldig stilt. Lite aktivitet.

Utval for ammegeit – ingen aktivitet.

Sak 35/22. Handsaming av søknader om midler til aktivitet i lokallag.

Det var kome søknad frå tre lokallag innan søknadsfristen 15.august;

- Askvoll og Holmedal – klyppekurs
- Luster – sosial/fagkveld før lammingsa
- Stavøy – klyppe- og ullsorteringskurs

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sogn og Fjordane Sau og Geit



Styret gjekk gjennom innkomne søknadar og gjorde følgjande vedtak/tøyvingsar:

- Med forbehold om at deltakarane på klyppekurset er medlem i NSG vert søknaden frå Askvoll og Holmedal støtta med inntil 60 % av kr 37000, maks kr 22200,-. Utbetaling skjer etter innsendt rekneskap.
- Styret i SFSG meinar tiltaket til Luster Sau og Geit er eit godt tiltak innanfor vilkåra til ordninga og løyver 60 % av totalkostnaden – kr 2184,-
- Styret kan ikkje gje støtte til utstyr då dette kan seljast vidare. Søknaden frå Stavøy Sau og Geit vert støtta med inntil 60 % av kr 11000, maks kr 6600,-. Utbetaling skjer etter innsendt rekneskap.

Styret i SFSG meinar det må vera krav om at deltakarane på møte/kurs det vert søkt om støtte til skal vera medlem i NSG. Styret skal ha tilsendt kopi av deltakarlista i samband med utbetaling av tilskot.

Sak 36/22. Kurs i kadaversøk

To personar som har meldt seg på pr i dag.

Det vert sendt informasjon på nytt til alle medlemmane via «min side» med ny svarfrist 1.september. Styret tek ei ny vurdering etter utsett svarfrist.

Sak 37/22. Status lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. Kvar gjer vi vidare?

Styret gjekk gjennom lista over lokallag som fortsatt ikkje har levert årsrapport i 2022, og diskuterte kva ein skal gjera vidare med desse. Verken lokallaga eller fylkeslaget får utbetalt medlemspeng for medlemmane i desse lokallaga.

Sak 38/22. Haustsamling 2022. Status pr no. Program for dag 2. Invitasjon – fordeling av oppgåver-Korleis få fleire lokallag til å delta?

Styret gjekk gjennom status og utkast til program for haustsamling. Styret bestemte at det vert styremøte fredag på dagen i samband med haustsamlinga.

Sak 39/22. Korleis skal vi klare å verve fleire medlemmar?

Styret i SFSG diskuterte korleis ein skal få tak i nye medlemmar. Medlemstalet går nedover og får ein ikkje stoppa det mister fylkeslaget ein utsending til årsmøte i NSG.

Styret var einige om at ein treng gode medlemsfordeler og at dette må takast opp med NSG sentralt. Arrangera fagmøte med gode tema, der ein må vera medlem for å delta.

Alle som deltek på arrangement i regi av NSG skal vera medlemmar i NSG, og det er viktig at dette vert fylgt opp på alle nivå i organisasjonen.

Arrangera kurs/fagmøter i lokallaga retta mot ungdommen, der ein set krav om medlemskap for å få delta. Eit døme her er kurs i søyeløysing, dette er noko som fengar ungdommen.

Eit anna alternativ for å verva medlemmar er å «Gå på dørane» til aktuelle medlemmar.

Sak 40/22. Innspel til jordbruksstingane 2023. Organisering, gjennomføring og tidsplan.

Styret i SFSG bestemte at utval for mjølkegeit får ansvar for innspel mjølkegeit, og Avlsutvalet for sau v. Anne og Jostein får ansvaret for sau. Innspel til jordbruksstingane vert sak på haustsamlinga.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sogn og Fjordane Sau og Geit



Sak 41/22. Årsmøte 2023. Tid og stad. Program fagdag. Fordeling av arbeidsoppgåver.

Styret i SFSG vedtok at årsmøte vert 24.februar 2023 med fagdag 25.februar. I utgangspunktet vert årsmøte på Thon Hotell Jølster.

Sak 42/22. Beitesesongen 2022 – kva veit vi so langt?

Virka som har vore ein roleg sesong i Sogn og Fjordane so vidt styret i SFSG eit. Var noko jerv i Luster i starten av sesongen. I Lærdal er det dokumentert sau drept av kongørn, der havørna sat òg åt av kadaveret.

Ser ut til å vera mindre laushundangrep i år. Fått melding om nokon dyr på Kinn. Truleg meir enn kva som vert meldt inn.

Sak 43/21. Ymse

a) Kåringsavgift 2022

Styret i SFSG meinat avgifta for gardskåring er alt for låg og må aukast.

Styret ynskjer så få gardskåringar som mogeleg. Styret oppmodar om at prisen på gardskåringa vert kr 2000,-. Styret føresler at ringane må søkja om løyve til kåring av "spesialamma" td lam som kjem att seint som ein ynskjer å få kåra.

Møtegodtgjersle for kåringsdommarar er kr 2000,- for helg og 1500,- for dag dvs meir i møtegodtgjersle enn kva oppmøteavgifta er.

b) Beitebruksplanar i kommunane

Styret i SFSG vil oppfordra alle kommunar i gamle Sogn og Fjordane om å ha beitebruksplanar.

c) Annonsering

Styret diskuterte kva ein skal gjera med annonseinntekter framover. Tidlegare år har me hatt ein del annonsar, men ikkje siste åra. Styret vart einige om at ein heller vil brukta tid på å verva medlemmar enn å få tak i annonsar. Ein kan heller ta tak i dette med annonsar att vist økonomien vert därlegare

d) Godtgjersle frå Nortura på sekretær

Styret diskuterte dette med godtgjersle frå Nortura på sekretær. Det er ulike løysingar for dette blant fylkeslaga. Ligg det noko i nokon arbeidsinstruks hjå Nortura?

e) E-post frå Yngve Ekern i NSG

Fått e-post med ynskje om tilbakemelding om aktivitet i fylkeslaget.
Haustsamling, kåring, kadaverkurs, styremøte, årsmøte i februar.

Referent; Solgun Haugen.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694